

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
Sak nr. 2017/8752 / JTH

Dato
12.04.2018

VILLREINFJELLET SOM VERDISKAPAR - STATUSRAPPORT FRA PROSJEKTET KUNNSKAPSFORMIDLING OM VILLREIN OG VILLREINFJELL

Syner til brev datert 26.10.2017 der verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane lvo. (SVR) fekk tildelt midlar til prosjektet *Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell*. Nedanfor er det gjeven eit oversyn over organisering, status og føreståande arbeid i prosjektet.

Deltakande partar

Deltakande partar i prosjektet er lista opp under. Desse har gått inn med pengar og/eller arbeidsinnsats.

- Kvinesdal kommune
- Vinje kommune
- Hjelmeland kommune
- Bykle kommune
- Suldal kommune
- Valle kommune
- Bygland kommune
- Odda kommune (atterhald om finansiering)
- Setesdal Ryfylke villreinlag
- Villreinenmnda for Setesdalsområdet
- Fylkeskommunane i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland
- Fylkesmannen i Aust og Vest Agder

Organisering

Prosjektete er organisert med ei felles styringsgruppe og med ei arbeidegruppe for kvart av dei fire delprosjekta. Arbeidsgruppene er sett saman av representantar frå deltagande partar, Statskog, reiselivsbransjen og Universitetet i Stavanger (ikkje endeleg stadfesta). Styringsgruppa hadde konstituerande møte 6. mars der mellom anna mandat for styringsgruppa vart godkjend. Styringsgruppa har følgjande samansetning:

- Verneområdestyret for SVR v/leiar Bjørn Laugaland (leiar for styringsgruppa)
- Fylkesmannen i Aust og Vest – Agder v/Ørnulf Haraldstad
- Aust Agder fylkekommune v/plansjef Ola Olsbu
- Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland

- Bykle kommune v/rådmann Frantz Are Nilsen
- Kvinesdal kommune v/kommunalsjef Tor Arne Eiken
- Reisemål Ryfylke v/Åshild Hus

Sekretariat for styringsgruppa er Norsk Villreinsenter sør v/Marianne Singsaas.
 Delprosjektleder for delprosjekt/arbeidsgruppe 1-3 er Jørn Haug (forvaltningssekretariatet SVR).
 Delprosjektleder for delprosjekt/arbeidsgruppe 4 er Gisle Ekse (leigd inn frå WSP).
 Delprosjektledarar har møte og talarrett i styringsgruppa.

Prosjektet *Adaptiv løyeforvaltning* i Bykle er i sin heilskap teken inn i prosjektet. Bakgrunnen for dette var at ein såg at det tematisk og organisatorisk etterkvart hadde mange berøringspunkt med innhald lista opp i prosjektbeskrivinga for *Kunnskapsformidling om villrein og villreinffell*. I eigen prosjektbeskriving for *Adaptiv løyeforvaltning* er det omtala følgjande tre arbeidsområde:

1. Adaptiv løyeforvaltning

Med Bykle som pilotkommune ser ein på moglegheita for å utvikle det preparerte løyepettet på Hovden, utan at det gir auka belastning for villreinen. I korte trekk har ein tatt utgangspunkt beitekart, værddata, og data frå GPS-merkeprosjektet for å sjå om det ligg eit handlingsrom i høve til etablering av nye skiløyper gjennom heile eller delar av sesongen. Utarbeiding av rutinar og prøving av teknologi nytta i bereiskap for opning/stenging av løyer inngår i arbeidet. Likeins «opplæring» av turisten samt spørjeundersøking for å finne ut meir om kunnskapsbehov og kva løypekvalitetar brukarane etterspør. For kvalitetssikring av data, funn og spørjeundersøking har ein nytta NINA v/Olav Strand og Vegard Gundersen

2. Kunnskapsformidling

Informasjon til turister og innbyggjarar – villreinens historeie, åtferd og biologi

3. Næringsutvikling

Identifisere idear for korleis villrein kan nyttast som element i næringsutvikling

Hovudtyngda av ovanfor nemnde arbeidsområde er lagt i delprosjekt 4 *Sti- og løypeplan*, delvis også i delprosjekt 1 – 3.

Status for tiltak jamfør prosjektbeskrivinga

Mykje tid har gått med til å få organisert opp prosjektet med deltakarar i styringsgruppa og arbeidsgrupper, og dette er nå på plass.

Delprosjekt 4 *Sti og løypeplan* har kome godt i veg i sitt arbeid. Mykje ananalysearbeid er kjørt på eksisterande data og ein har sendt ut spørjeundersøking som omtala ovanfor.

I tråd med prosjektbeskrivinga for delprosjekt 2 (*Møteplass villreinffellet*) er det gjennomført planleggingsmøte med fylkeskommunane for gjennomføring av heiplansamlinga for 2018.

Arbeidsplan 2018

Det er lagt opp til et ein i løpet av mai/juni har hatt eit første oppstartsmøte med arbeidsgruppe/delprosjekt 1-3. Arbeidsplan for 2018 vil da bli utarbeida.

For delprosjekt 4 *Sti og løypeplan* er som nemnd adaptiv løyeforvaltning i sin heilskap teken inn i prosjektet. Hovudaktivitetar i 2018 vil vera:

- Avklare kva løyetrasear som skal gå inn i prøveprosjektet
- Definere retningslinjer og avgjersgrunnlag som skal ligge føre for å vurdere opning/stenging av trasear

- Finne kriterie for årleg evaluering
- Informasjon til brukarane av løypetraseane

Sjølve oppkøyring av trasear er planlagt til vintersesongen 2018/2019. Hausten 2018 vil ein konkretisere dei øvrige tiltaka i delprosjekt 4 knytt til regionvise samlinger, tilrettelegging av kunnskap, fagsamling mv.

Informasjon

Informasjon om arbeidet, inkludert referat frå møter i styringsgruppa og arbeidsgruppene, vert lagt ut fortløpande på: www.svr.no og på www.villrein.no. Ein vil oppmoda alle interesserte til å følgje prosjektet der.

Økonomi

Detaljert budsjett vil bli lagt fram for styringsgruppa i møte 12. juni. Eit førebels oversyn over finansiering for 2018 går fram av tabellen nedanfor. Det er inngått eigen avtale med Valle kommune om føring av prosjektregnskap.

Finansieringskjelder	Beløp, kr
Verdiskapingsprogrammet	1000 000
Stadfesta økonomisk bidrag frå partane	421 000
Stadfesta arbeidsinnsats frå partane	785 000
SUM	2 206 000

Forbruket pr. 13.4.2018 var kr. 7678,-.

For utgifter og finansiering av delprosjekt 4 *Sti- og løypeplan* vil det bli uutarbeida eigen fordelingsnøkkel med Bykle kommune. Beløpa knytt til dette er difor ikkje teken inn i talgrunnlaget ovanfor.

Utfordringar

- Prosjektet er omfattande både geografisk, tematisk og organisatorisk. Viktig å finne ein effektiv arbeids- og møteform slik at mest mogleg av ressursane kan nyttast ut i tiltak.
- Tilstrekkelig med ressursar til prosjektleiing for delprosjekt 1-3.
- Det er for tida mange pågåande prosjekt med tilgrensande tema, til dømes GPS-merkeprosjekta, arbeidet med besøksstratgi for SVR, ReinRein-prosjektet. Viktig at prosjekta drar vekslar på kvarandre men der ein samstundes må vera medviten på ansvar og roller.

Med helsing

Jørn Haug
Verneområdeforvalter SVR/delprosjektlear

Kopi: deltakende parter